

Årsrapport 2025

STIFTINGA KELY MANDRESY

2025 gav både oppturar og triste hendingar ved barneskulen på Madagaskar

Styret

Styret i stiftinga har dette året vore uendra frå tidlegare og er samansett av: Svein A Tollefsen, Eirene Kleiveland, Erlend Kleiveland, Jan Ove Kleppe, Frøydis Gullbrå

I 2025 har me hatt 3 styremøter, alle digitale møter via Teams.



Om Stiftinga

· Etablert 2019 på Vestlandet, Norge

· Mål om å støtta og hjelpe barn og unge med å gjennomføra skulegang på Madagaskar

· Baserer si hjelp og støtte på verdiane likeverd, respekt, rettferd og solidaritet

· Alt arbeid blir gjort på dugnad

· Støttar skulen Kely Mandresy i Manakara, på austkysten av Madagaskar

Om skulen

· Etablert i 2010 av Pako og Anne Marie Reimers

· ca 350 elevar i 1.-5. klasse + barnehage

· Ligg i svært fattig område

· Drive med hjelp av innsamla midlar frå Norge

· Samarbeider med den offentlege skulen

· Følgjer nasjonale læreplanar og eksamener, og har i tillegg undervisning i krisetendom og engelsk.

· Ungane får eit dagleg måltid, i tillegg til undervisning

Kontakt

Styreleiar Svein Tollefsen

Tlf 90724475

post@gullbraa.no

Nettside: kely.no

VIPPS: 585489

Status i høve skulen og skuledrift:

- Ved skulen har det i 2025 vore drift av 2 barnehage-avdelingar og 1-5. klasse. Totalt er der 345 barn som starta skuleåret 25/26.
- 33 av 43 elevar i 5.klasse klarte avsluttande CEPE eksamen i juni med godkjent resultat (76,7%): Dette er litt lågare prosent-del enn tidlegare, og lærarane grunngjev dette med stor klasse, og kun ein lærar. Elevar som ikkje består, får anledning til å ta siste året opp igjen.
- Kostnader pr måned til løn for 13 tilsette + mat til elevar/lærarar er på omlag 31 000,- pr mnd.
- Det vart kjøpt inn ein heil del lesebøker til skulen i februar, finansiert av innsamla midlar ved julekonsert i Aurland i desember 2024. Desse vart godt tatt imot!
- Eine vaktmeisteren ved skulen, Georges døyddde brått i august 2025. Han etterlot seg kone og 5 barn frå 2 til 14 år. Styrrar Pako har vurdert at dei ikkje trengte erstatte denne stillinga, då dei har ein anna person som også arbeider som vaktmeister.
- Skulen blir driven i enkle trebygningar som etterkvart er i noko dårleg stand.
- Me har i 2025 arbeidd for å skaffe Stiftinga vår ny lang leigeavtale for skuleområdet, inkludert skulebygningar. Når denne er på plass, vil arbeidet med å prosjektere og planlegge nye bygningar starte.

Uro på Madagaskar

4 frå styret hadde planlagt tur til Madagaskar i oktober. Like før vår planlagte tur, braut det ut uro i landet – med opptøyer som etter kvart også førte til at presidenten måtte gå av. UDI frårødde reiser til Madagaskar – og me fekk ikkje tatt turen. Det blir no planlagt ny tur i mars 2026. I området der skulen ligg, merka dei lite til opptøyene, og skuledrifta gjekk som vanleg heile hausten.

Aktiviteter og innsamlingar til skulen

Det vart arrangert føredrag og konsert til inntekt for skulen i Eksingedalen 7.nov. Ingvar Wilhelmssen besøkte oss saman med kona Rhoda. Det vart fin kveld med fullsett kyrkje på Nesheim. Fleire av oss har også gjennom året delteke på ulike tilstellingar der me har fått informasjon om skulen, mellom anna på Myking og i Aurland. Slike tilstellingar gir alltid engasjement og er veldig hyggeleg å delta på. Eirene organiserte ei innsamling for å finansiere saker tilsette hadde gitt beskjed om var behov for; tavler og kritt til 1.klasse, trillebår og regnkledde til vaktmeistrane.

«Måltidet elevane får på skulen er veldig viktig - for ein del kan det vere einaste måltid om dagen»



Georges med nye regnkledde



James med ny fin trillebår



1.klasse klar for skuledag med nye tavler og kritt

Frøydis var også i november på besøk til sjukeheim der Anne Marie Reimers no bur. Der fekk ho vise bilder og fortelje frå skulen som Anne Marie har vore med å stifte. Kjekt!





«På Madagaskar droppar 50% av barna ut av barneskulen. Kely Mandresy hjelper slik at fleire kan fullføre»

Økonomi

- Takka vere mange gode gjevarar – har me også i 2025 hatt god økonomi. Sum me har fått inn på gåver og arrangement har auka betydeleg.
- Alt arbeid utført i stiftinga er uløna, og reiser etc blir dekka privat. Det gjer at utgiftene er låge.

	2025	2024
Samla Inntekter	kr 541 730,00	kr 454 483,00
Gåver	kr 431 966,00	kr 379 977,00
Konsert/arrangement mm	kr 69 990,00	kr 38 720,00
Momskompensasjon	kr 24 430,00	kr 25 303,00
Renteinntekter	kr 15 344,00	kr 10 483,00

	2025	2024
Samla kostnader	kr 346 507,00	kr 321 744,00
Støtte til Madagaskar	kr 332 492,00	kr 310 585,00
Andre driftskostnader	kr 14 015,00	kr 11 159,00

Nøkkeltal	2025	2024
Innsamlingsprosent	99 %	99 %
Formålsprosent	92 %	93 %
Administrasjonsprosent	2 %	1 %

Innsamlingsprosenten: Denne viser delen av innsamla midler som er tilgjengelig etter at direkte kostnader er trukke ut (Vippsgebyr)
Formålsprosenten: Viser andelen av totale kostnadene som er brukt til stiftinga sitt formål. Kostnader med arrangement i november dreg andelen litt ned.
Administrasjonsprosenten: Viser delen av kostnader som har gått til administrasjon. (revisor, bankgebyr mm)

Takksame—og med respekt for arbeidet
Styret for Kely Mandresy

Svein Tollefsen (styreleiar)

Eirene Nordbustad Kleiveland

Erlend Kleiveland

Svein Tollefsen

Eirene Kleiveland
Eirene Kleiveland (Mar 9, 2026 12:43:03 GMT+1)


Erlend Kleiveland

Jan Ove Kleppe

Froydis Gullbrå

Jan Ove Kleppe

Froydis Gullbrå
Froydis Gullbrå (Mar 9, 2026 19:36:52 GMT+1)



SIDE 3

Styret, fv: Erlend Kleiveland, Eirene Nordbustad Kleiveland, Svein Tollefsen, Froydis Gullbrå, Jan Ove Kleppe